

1,7 dekar asfalt rundt SPAR

19.04.2012

SPAR-prosjektet passerar i dag ein viktig milepel: Det vert asfaltert eit areal på 1,7 dekar rundt butikken og jobben blir truleg unnagjort før kvelden. Det blir ein rommeleg og fin parkeringsplass.

Tore Musland er ansvarleg for denne delen av prosjektet, men det er det finske selskapet Lemmikäinen med tilknytt norsk personell som står for sjølve operasjonen.

Den går raskt og smertefritt og mannskapet har også eit anna oppdrag når dei no er i Uskedalen: Dei skal asfaltera vegen opp til Dønhaug Gardsbarnehage frå den kommunale vegen.

Dagleg leiar Bente Nilsen kan også no rapportera om at utbyggjinga av butikken er i rute utifrå framdriftsplanen, Og ho legg til.
- Vi skal innvia nybygget fredag 1. juni klokka 12 sjølv om vi må stå på natt og dag!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen